

Vedlegg: Dokumentasjon av berekning av ferjeavløysningsmidlar

Dette vedlegget viser prinsippa for berekning av ferjeavløysningsmidlar, og tal som er brukt til berekninga av ferjeavløysningsmidlar for Ytre Steinsund.

Om inntektssystemet

Inntektssystemet er eit system for fordeling av dei frie inntektene mellom fylkeskommunane. Dei frie inntektene består av rammetilskot frå staten og fylkeskommunanes egne skatteinntekter. Inntektssystemet består av fleire element, m.a. ei utgiftsutjamning som skal kompensere fylkeskommunane for ufrivillige variasjonar i utgiftsbehovet.

Utgiftsutjamninga skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar einskild fylkeskommune berekna. Etter det blir rammetilskotet omfordelt mellom fylkeskommunane etter berekna utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling: det som blir trekt inn frå fylkeskommunar med eit utgiftsbehov *under* landsgjennomsnittet, blir delt ut att til fylkeskommunar med eit utgiftsbehov *over* landsgjennomsnittet.

Kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane består av delkostnadsnøklar for vidaregåande opplæring, buss og bane, båt og ferje, fylkesveger og tannhelsetenesta. Sjå innleiinga til Grønt hefte for ei nærare omtale av inntektssystemet.

Prinsipp for berekning av ferjeavløysningsmidlar

Storleiken på ferjeavløysningsmidlane blir berekna på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av ei bru eller ein undersjøisk tunnel. Tapet blir berekna som nettoeffekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 5.1 og 5.2 i retningslinjene, i vedlegg til Prop. 128 S (2016–2017) *Kommuneproposisjonen 2018*.).

Eit ferjeavløysningsprosjekt fører til endringar i kriteriedata innanfor delkostnadsnøkla for båt og ferje og for fylkesveg. Avløysing eller innkorting av eit ferjesamband vil gje ein lågare verdi på kriteria i båt- og ferjenøkkelen, mens det nye vegnettet vil gi auka verdi på kriteria i vegnøkkelen. I 2017, året som ferjeavløysningsmidlar for Ytre Steinsund skal bereknast ut ifrå, var kriteriet for ferje "talet på ferjesamband", mens kriteria for fylkesveg var "fylkesvegfaktor drift og vedlikehald" og "veglengde". Ferjeavløysningsmidlane blir altså berekna som nettoeffekten i utgiftsutjamninga av desse endringane.

Kor stor effekt ei endring på ein eining i kriteriedata vil ha i kroner i utgiftsutjamninga, vil variere frå år til år. Effekten er avhengig av storleiken på beløpet som blir omfordelt etter samla kostnadsnøkkel (samla utgiftsbehov), kor stor vekt dei einskilde kriteria har i kostnadsnøkkelen,¹ og summen av kriterieverdien for dei aktuelle kriteria på landsbasis.

I inntektssystemet for 2017 var samla utgiftsbehov som blei omfordelt etter kostnadsnøkkelen 56 911,1 mill. kroner. Kriteriet "talet på ferjesamband" hadde ei vekt på 0,0386, og andelen kriteriet hadde av utgiftsbehovet var dimed 2 196,8 mill. kroner (sjå Grønt hefte 2017 s. 8). Summen av talet på ferjesamband for alle fylkeskommunane var 104 (jf.

¹ Vekta til kvart einskild kriterium blir justert årleg på bakgrunn av endringar i sektorvektene, sjå Grønt hefte.

tabell E-fk i Grønt hefte), og kvart ferjesamband utløyste dimed om lag 21,123 mill. kroner i utgiftsutjamninga i 2017 ($2\,196,8 / 104 = 21,123$). Beløpet som blei utløyst av fylkesvegfactoren og lengda fylkesveg blir rekna ut på same måte.

Nærare om kriteriedata

I inntektssystemet for 2017 var kriteriet for ferjedrift "tal på ferjesamband". Det innebar at alle ferjesamband utløyste same beløp i utgiftsutjamninga.

Fylkesvegfactoren er berekna med utgangspunkt i fylkesveglengde og tal for årlege kostnadar til drift og vedlikehald av vegnettet. Dei årlege vedlikehaldskostnadane blir berekna med verktøyet MOTIV, som er Statens vegvesens modell for å berekne vedlikehaldsbehovet på vegnettet.

Veglengda er lengda fylkesveg målt i kilometer.

Berekning av ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund

I inntektssystemet for 2017 utløyste alle ferjesamband 21,123 mill. kroner i normerte ferjekostnadar. Nedlegging av ferjesambandet Daløy–Haldorsneset ville dimed ha gjeve ein reduksjon på 21,123 mill. kroner i utgiftsutjamninga for Sogn og Fjordane, om ferjesambandet hadde blitt avløyst i 2017.

Vegprosjektet vil, ifølgje endeleg søknad frå Sogn og Fjordane, auke veglengda med om lag 5,2 km. Drifts- og vedlikehaldsbehovet på vegnettet vil auke med om lag 1,439 mill. kroner (jf. brev frå Statens vegvesen til Samferdselsdepartementet med tilråding om Ytre Steinsund). Dette gjev til saman ei endring i fylkesvegfactoren på 11,4. I inntektssystemet for 2017 utgjør endringane i fylkesvegfactoren og veglengda ein auke på om lag 1,4 mill. kroner i utgiftsutjamninga.

Samla sett gjev dette ein nettoeffekt i utgiftsutjamninga på -19,721 mill. kroner om Daløy–Haldorsneset hadde blitt avløyst i 2017. Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir difor 19,721 mill. kroner i 2017-kroner, eller 21,446 mill. kroner i 2020-kroner.

Berekninga er vist i tabellane under. Tabell 1 viser berekna endring i fylkesvegfactoren som følgje av prosjektet Ytre Steinsund, mens tabell 2 viser effekten av endringane i kriteriedata for ferje i utgiftsutjamninga i 2017.

Tabell 1 Berekning av endring i fylkesvegfactor for Sogn og Fjordane fylkeskommune

	Vedlikehalds- behov	Veg- lengde	Vedlikehalds- behov per km	Vedlikehalds- faktor*	Fylkesveg- faktor
	1000 kr	Km			Faktor * km vei
Grønt hefte 2017	429 156	2 632,0	163,1	1,290	3 394,9
Inkl. ny fylkesveg	430 595	2 637,2	163,3	1,292	3 406,3
Endring	1 439	5,2	0,2	0,002	11,4

* Vedlikehaldsfactoren er satt relativt til fylkeskommunen med lågast vedlikehaldsbehov per km fylkesveg, som i 2017 var Hedmark. Når Sogn og Fjordane hadde ein faktor på 1,290, betyr det at fylkesvegane i Sogn og Fjordane i snitt hadde eit vedlikehaldsbehov som var 29,0 pst. høgare enn i fylket med lågast vedlikehaldsbehov per km fylkesveg.

Tabell 2 Effekt i inntektssystemet 2017 av endringer i kriteriedata pga. Ytre Steinsund

Kriterium	Endring i kriteriedata	Effekt i utgiftsutjamning <i>(1000 kr)</i>
Talet på ferjer	-1	-21 123
Fylkesveglengde (km)	5,2	121
Fylkesvegfaktor	1,439	1 281
Nettoendring i utgiftsutjamning		-19 721